



Arkivsaknr: 2024/300-9  
Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft  
Avdeling: Plan, bygg og oppmåling

## SAKSFRAMLEGG

Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Austrheim kommune godkjenner Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024.  
Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Politisk handsaming  
Folkehelse rapporten Austrheim kommune 2024 skal vedtakast i kommunestyret.

Saka gjeld  
Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024 er no klar til godkjenning. Alle kommunar skal ha oversikt over folkehelsa i eigen kommune. Rapporten baserer seg på lokale innspel frå kommunale einingar, ulike statlege og fylkeskommunale statistikkar og tolkingar av desse.

Saksopplysningar  
Folkehelse rapporten Austrheim kommune 2024 (vedlagt) er no klar til godkjenning. I følge lov om folkehelsearbeid skal kommunen fremja folkehelsa innan dei oppgåver og med dei verkemiddel kommunen er tillagt, blant anna gjennom lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. For å kunne utføra desse oppgåvene må me veta korleis det står til med folkehelsa i kommunen. Folkehelse rapporten skal liggja til grunn for kommunen sitt langsiktige folkehelsearbeid. Den skal vera med å danna grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi, gje grunnlag for utarbeiding av andre kommunale planar. Den skal gje større forståing for årsakssamanhengar og støtta opp under lokale ressursar. Kommunen skal arbeida systematisk med folkehelsearbeid. Arbeidet skal vera kunnskapsbasert, og ein skal jobba på tvers av dei forskjellige sektorane i kommunen.

## FOLKEHELSEARBEIDET BYGGJER PÅ FIRE GRUNNPRINSIPP:

- Utjamning av helseskilnadar, sosial ulikskap i helse
- Helse i alt me gjer
- Føre var
- Berekraftig utvikling

Noreg har slutta seg til dei 17 berekraftsmåla til FN. Dette er globale mål for ei berekraftig utvikling fram mot 2030. Me skal sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder. God helse er ei grunnleggande forutsetning for at menneske skal kunna nå sitt fulle potensial og for å bidra til utvikling i samfunnet. Miljø, klima, økonomi og sosiale forhold påverkar korleis helsa vår er. Det å satsa på førebyggjande tiltak i alle aldersgrupper for å ta vare på folkehelsa kjem godt fram i folkehelse rapporten.

Folkehelse rapporten omhandlar positive trekk (side 9) og negative trekk/utfordringar (side 14) i Austrheim, og inneheld ei liste over moglege tiltak for administrativ og politisk oppfølging seinare. I følge folkehelse loven § 6 skal kommunen fastsetja målbare mål og strategiar for folkehelse arbeidet. Hovudområde er psykisk helse, barn og unge, integrering, klima, motvirka utanforskap og sosial ulikskap. På side 15 er det lista opp 10 hovudområde for satsing i kommunen vår.

### **Forskrift om oversikt over folkehelsa (2012, § 3) krev opplysningar om:**

Innbyggjarsamansetjing (inkludert flyktningar)

Oppvekst og levekår

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Skadar og ulykker

Helserelatert åtferd

Helsetilstand

Mogelege tiltak i Austrheim kommune på kvart tema som vist over er lista opp her under **pkt. 6.1-6.7**. Det er mykje statistikk og kunnskap som underbyggjer desse opplista tiltaka. Det er mange eksempel her på god effekt på folkehelsa av førebyggjande tiltak.

Det er under kapittel 7 teke med klimaendringar. Klimaendringar har alvorlege konsekvensar, og verda har blitt om lag éin grad varmare sidan førindustriell tid. Oppvarminga aukar risikoen for ekstremvêr, meir nedbør, overfløymingar og havforsuring. Klimaendringane utgjer ein alvorleg helsetrussel. Dei globale klimaproblema vil også verka inn på Austrheim si befolkning, direkte eller indirekte, både ved opphald i og utanfor kommunen og landets grenser.

Under kapittel 8 står det i Folkehelse rapporten på siste side oversikt over innspel og kva grunnlagsmateriale som er brukt i dette omfattande arbeidet. Her kan og **Oppvekstprofilen for Austrheim kommune 2024** lesast i eigen link, den kom oss i hende no i april.

Det er Folkehelse instituttet som har utarbeidd oppvekstprofilen. Tema for profilane i år er kvifor vennskap og fellesskap med jamaldra er så viktig for barn og unge. Vennskap kan

bidra til den sosiale, emosjonelle og kognitive utviklinga hjå barn og unge. I tillegg er vennskap ei viktig kjelde til auka livskvalitet, og er med på å forma identiteten og tilhøyrsla til dei unge. Profilane viser nokre av styrkane og utfordringane til kommunen, og kan brukast i planarbeidet for barn og unge og deira oppvekstmiljø. Indikatorane er valde med tanke på å fremje oppvekstmiljøet for barn og unge, og må tolkast i lys av annan kunnskap om lokale tilhøve. **Oppvekstbarometer for kommunen** vår er og vist i Folkehelse rapporten. I denne oversikta vert nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I oppvekstprofilen er det og gode råd på kva kommunen kan gjera med og for born og unge.

#### **Arbeidsgruppa i dette planarbeidet har bestått av:**

Peter Kubon, kommuneoverlege (helse), leiar  
Asbjørn Nagell Toft (plan)  
Ingrid Marøy Bø (oppvekst og kultur)  
Rigmor Ludvigsen (frivilligsentral)  
Kari Tresnes (kultur)  
Morten Sognnes (ordførar/politisk)

Arbeidsgruppa har arbeidd tverrfagleg godt saman under fagleg leiing av Peter Kubon.

#### Vurdering

Kommunedirektøren vil peike på at Austrheim skal vera ein god og trygg kommune å bu i. Då er det viktig å ha god oversikt på folkehelsa i dag og utviklinga framover. Positive og negative endringar skjer gjerne over tid. Kommunedirektøren synes **Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024** gjev ein god oversikt over folkehelsa i kommunen vår. Den vart presentert på ein god måte av Peter Kubon i møte i Levekårsutvalet den 11 april på samfunnshuset. Der kom det gode innspel og råd som er teke med og vurdert i sluttarbeidet til folkehelse rapporten.

Kommunedirektøren er og glad for at den ferske **Oppvekstprofilen for Austrheim kommune 2024** no er klar og kunne linkast i Folkehelse rapporten. I denne profilen står det mykje nyttig informasjon og gode råd til tiltak om korleis me kan arbeida med og for born og unge. Sørgja for at det finst tilgjengelege fritidsaktivitetar og sosiale arenaer for alle barn og unge, uavhengig av ressursane til foreldra, eller andre barrierar er eit av råda her. Dette er saman med mange andre tiltak eit viktig folkehelse arbeid.

Kommunedirektøren vil peika på at det kjem godt fram i folkehelse rapporten at eit allsidig kulturarbeid og friviljuge lag og organisasjonar sin aktivitet er limet i samfunnet vårt. Me har mange å takka i Austrheim kommune innafor friviljug sektor. Å ta vare på dei eldre, ha gode oppvekstvilkår, motverka einsemd, gjennomføra trivselstiltak, men og arbeida for å fremja meir fysisk aktivitet og leik er noko som er viktig for folkehelsa vår.

Kommunedirektøren vil vektleggja at viktige prioriteringar og tiltak som er nemnd i Folkehelse rapporten bør drøftast godt framover, og føra til konkrete handlingar. God førebygging og tidleg innsats fører på sikt til mindre utgifter og kostnader for kommunen vår, men det er og positivt for alle som bur og arbeider i Austrheim kommune. Me må saman skapa gode sosiale møteplassar i alle bygder og grender, og ta innhaldet i denne rapporten med oss i det vidare arbeidet vårt. Kommunedirektøren synes arbeidsgruppa har utarbeidd ein god og oversiktleg folkehelse rapport for Austrheim kommune.

#### Økonomiske konsekvensar

Folkehelse rapporten har i seg sjølve ingen økonomiske konsekvensar for Austrheim kommune. Innaldet i rapporten tek opp status for folkehelsa i dag og kva tiltak som gjer at den vert ivereteke eller vert forbetra framover.

#### Miljømessige konsekvensar

Det er ingen uheldige miljømessige konsekvensar med denne rapporten. Om Austrheim kommune gjennomfører tiltak som er omhandla i denne vil det føra til positive miljø- og klimamessige konsekvensar for samfunnet og innbyggjarane våre.

#### Kommunedirektøren si tilråding

Austrheim kommune godkjenner Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024.

#### Vedlegg

- 1 Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024.pdf
- 2 Oppvekstprofil-2024-nn-4632-Austrheim (1).pdf